



Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy

nr. 5 - 2007



Innhald:

- Jul før og no /Jorunn Holsen
- Ungdomstankar v/Ida Elisabeth Kleiveland
- 50-årskonfirmantane
- Utdeling av 4-årsbok i Haus
- Dikt og div. småstykke

Forsideteikning: Ruth Hauge

Ved.
Olav Meltvik



Juleglede

Alle kjenner vel denne planten som heiter Juleglede, og som dei fleste av oss kjøper eller får til jul. Den lyser opp med si blomeprakt i mørke desemberdagar, og blømer villig lenge. Ja det hender at den tek seg oppatt til neste jul og.

Men juleglede er noko meir enn ein plante. Etter kvart som julehelga nærmar seg kjenner me og ei glede inni oss. Ei glede og takksemd for at det vart fødd ein Frelsar julenatta.

Bodskapen om barnet i krubba tek me i mot, og kan liksom sjå for oss. Til gjetarane på marka kom det ein engel. Herrens herlegdom lyste opp ikring dei, og dei vart redde. Men engelen sa til dei at dei måtte ikkje vera redde. Han kom med bod til dei om ei stor glede til alt folket. "I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by : Han er Kristus Herren".

Og dette er vel det beste som hev hendt. Me hev alle bruk for ein Frelsar, og det er godt å tru på han. Dette er den største gleda, den verkeleg julegleda.

No ser me med forventning fram til å samlast med våre kjære. Me pyntar til jul, og på julekvelden hev me ekstra god mat. Og me gjev kvarandre gåver.

Gåvene er eit symbol på den store julegåva Gud sende til jorda.

Me eldre hev mange gode minne å ta vare på, og bera vidare. Men det gleder oss mykje å sjå at generasjonane etter oss samlar seg og feirar denne spesielle høgtida.

Ætt skal fylgja ættar rad, aldri skal tagna tonen frå himlen i sjeleglade pilgrimskvad. – Menneske gled deg, oss er ein evig Frelsar fødd.

Redaksjonen ynskjer alle ei velsigna julehelg !



Innleveringsfrist
neste nr. er:

25. januar

Stoff kan sendast til:

Kristoffer Foldøy
5281 Valestrandsfossen

Det handlar om nærleik

I Barcelona ligg katedralen for "Den heilage familien". Dei tok til med å bygge på den i 1882. Dei byggjer og byggjer og er enno ikkje ferdige. Eg såg den då eg var på visitas i Sjømannskyrkja i Spania no i oktober. Eg trur heile bibelsoga kjem med når utsmykkinga er ferdig. Men det vert altså eitt fokus: Den heilage familien med Maria, Josef og Jesusbarnet.

Ute på ein av veggane har bilethoggaren forma Jesu andlet i stein. Det er laga slik at kvar du enn flyttar deg, så fylgjer augo hans med deg. Dei ser deg, kvar du enn går.

Det var tankevekkjande å sjå på menneska når dei i hundretal gjekk rundt på plassen og på fortauet nedanfor. Nokre visste nok ikkje om det, eller tenkte nok ikkje på det. Dei hadde anna å gjere og hasta forbi. Men mange gjekk og skotta opp for å sjå om dei verkeleg framleis var sett. Kan hende syntes dei det var ubehageleg at Jesu augo aldri sleppte dei. Eg opplevde det som utruleg godt. Det er jo slik eg kjenner han frå Bibelen: Jesus veit om meg, han tar vare på meg og vil meg vel.

Det handlar om nærleik, slik det gjer i alle juleforteljingane. Evangelisten Johannes fortel at Guds son "kom til verda", "var i verda", "kom til sitt eige" og "tok bustad mellom oss".

Eg tenkte at dette må få konsekvensar. Vi kan ikkje berre hasta gjennom jula slik mange gjorde det utanfor katedralen i Barcelona. Johannes fortel at "Jesus kom til sitt eige". Dette er den historiske forankringa for jula. Så held han fram med jula si utfordring og gåve: "Alle som tok i mot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans" (Joh 1,11-12).

Det tyder at "den heilage familien" har utvida seg noko heilt enormt! Vi og kan verte Guds born. Vi kan verte Jesus sine brør og søstrar! Det er dette som er jula sitt evangelium.

Ut over heile verda har julebodskapen gått ut og skapt nærleik på tvers av kontinent. Dei same augo som fylgjer oss, fylgjer våre medsysken over heile verda. Jesus har sett oss. Gud har frelst oss. Vi er ikkje gløymde!

Med ynskje om ei signa jul!

Ole D. Hagesæther
biskop

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80 - Fax. 56 19 22 81

Mailadr: kyrkje@osteroy.kyrkja.no

Heimeside: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Ruth Hauge	56 19 22 71
Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	90 62 00 46
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

OSTERØY PRESTEGJELD, TILSETTE/RÅD OG UTVAL:

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Sokneprest Inge Sørheim,

tlf. 90620046

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik

Nestleiar: Anne Mari Persen

Jostein T. Reigstad

Tove Mostrøm Fjelstad

Frode Johnsen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roald Hauge

Hosanger: Katja Litland

Hamre: Tove Klepsvik

Haus : Madli Hannisdal

Bruvik: Johannes Melve

Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Johannes Melve, Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

Min julesalme

Også dette året spør me tre spørsmål om julesalmar til ein person i kvar kyrkjesokn.

Her er spørsmåla :

1. Kva for ein julesalme lika du best den tida du var barn ?
2. Kva var det som gjorde at du vart glad i nett denne salmen ?
3. Likar du framleis denne julesalmen eller det ein annan du likar betre no.

Magnvald Hjelvik, Bruvik sokn :

1. Den julesalmen eg hugsar best var ein julesalme me song julekvelden. Då var me alle samla rundt middagsbordet og det var tradisjon med lutefis/nakkar, opplesing av juleevangeliet og så song me "Eg er så glad kvar julekveld" med all sine 9 vers. Det som eg hugsar meir enn sjølve julesalmen var sjølve middagsøkt, Først skulle maten berast inn på bordet, alle skulle setja seg, julesalmen syngjast og evangeliet lesast. På lutefisken nytta vi smelta talg, og eg hugsar at når ein kom så langt at ein skulle eta så størkna talga på gaffelen. Ein kunne tru at dette kunne endrast på, men neste år var det på same måten.

2. Det er ikkje så lett å seia kvifor ein vart glad i nett denne julesalmen. Det er ein fin julesalme, lett å syngja, lett å forstå, praktisk fornuftig, og med julebodskapen i klartekst. I tillegg var salmen opninga på julehøgtida. Elles så minnest eg



"Du grøne glitrande tre god dag" og spesielt setninga" og høgt i toppen den blanke stjerna" Me såg alltid opp mot toppen når me song dette.

3. I dag tykkjer eg kanskje meir om Jakob Sande sin salme, "Det lyser i stille grender" Eg syng ikkje så mykje sjølv, har i mange år vore plaga med halsen, men det er alltid kjekt å høyra når andre syng. Eg set pris på å høyra Osterøy-koret med den utstråling og songglede som der kjem fram, også med så mange unge engasjerte songarar. Spesielt i år når dei skal ha konsert i kyrkjene før jul.

Ingunn Rongved, Gjerstad sokn :

1. Eg er så glad kvar julekveld.

2. Det er ein enkel salme som er lett å læra. Den fortel også alt om kvifor me feirer jul, og set ein standard for julefeiring prega av ro og høgtid i heimen.

3. Me pleier å gå rundt juletreet i jula, og då tek me denne først, for den kan alle både store og små. Elles er det mange vakre tidlause og nyare julesalmar som til saman er med og skaper høgtid over jula. Ein mektig julesalme som eg forbind med julekonsertar i kyrkja er "Kimer i klokke" – då er jula komen og me ynskjer kvarandre god jul før alle går heim kvar til sitt.



Asbjørn Askeland, Hamre sokn :

1. Det var utan tvil : "Eg er så glad kvar julekveld, for då vart Jesus fødd. Då

lyste stjerna som ei sol, og englar song så søtt". Me song alle 9 versa både i heim og skule og kunne dei utanåt".


2. Det kom vel av at songen femner så vidt; frå barnet som vart fødd i Betlehem, men var send frå høge himmelborg ned til vår arme jord, som vår Frelsarmann v. 1-2. No bur han i sin himmelheim, han er Gus eigen son, men alltid minnest han dei små, "som bed med tru og von" v.3. Vers 4,5,6 og 7 inneheld det som eg opplevde i heimen. Foreldra sitt liv og lære var med å skapa tryggleik og god julestemning, sjølv om min oppvekst var under 2.verdskrigen (Eg gjekk i første klasse då sjokket kom) Vers 8 og 9 handlar om barnekåret eg fekk i dåpens bad, og om at Jesus Krist framleis elsker meg/oss. I sin store nåde tek han mot meg, eit feilande menneske, på nytt kvar dag. "Det veit eg sant og visst"

3. Eg likar godt alle julesongane; det er litt vanskeleg å slå fast kven eg likar best, men ein av dei andre som eg likar å syngja er denne :

Fager er jorda, herleg er Guds himmel, glade går sjelene pilgrimgong

gjennom dei fagre rike på jorda går vi til paradís med song.

Tider skal koma, tider bort skal kverva, Ætt skal fylgja ætterrad. Aldri skal tagna tonen frå himlen, sjela sitt glade pilgrimskvad.



*Englane song det fyrst for
hyrdingflokken, vent det tona for
sjela mødd :*

*Fred over jorda, menneske gled
deg, oss er ein evig Frelsar fødd !*

Vona juleevangeliet inneber gjer
at me aldri må slutta å syngja om
Frelsaren som kom og som kjem!

**Gyda
Tveiten
Lewis,
Hosanger
sokn :**

1. Då eg
var liten,
syntes eg at
"Eg er så
glad kvar
julekveld"

var den aller finaste julesalmen.

2. Eg trur eg likte teksten.
Salmediktaren har brukt enkle,
men fine ord, som var lette å
forstå og læra for eit barn, og den
var kjekk å syngja.

3. Nye julesalmar er komne til,
og då ungane våre gjekk på
Mjøsdalen skule, inviterte dei til
fast førjulsfest for heile bygda, og
dei slutta festen med korsong. "Ei
stjerne skin no i natt" med vakker
nynorsk tekst var alltid med, og
då trur eg at det var mange som
kjende både julefred og juleglede.
Eg vert både glad og audmjuk når
eg høyrer eller syng denne
julesongen og kjenner meg
ivareteken og velsigna.



**Madli
Kvamme
Hannisdal,
Haus
sokn:**

1 Dette
vart litt



vanskelegare å svara på enn eg
hadde tenkt. Det er så utruleg
mange fine

julesongar som eg lika som barn
og som eg framleis likar godt.
Likevel er det ein song som trer
fram for meg frå barndomstida
heime og frå skuletida og det er
Jakob Sande sin vakre julesalme :
Det lyser i stille grender av
tindrane ljøs i kveld og tusene
barnehender mot himmelen ljøsa
held. Denne songen gjorde sitt
inntog i barneskulen på 50-talet
og eg lærte den av yngste bror
min som er nokre år eldre enn
meg. Den var lett å syngja og vi
brukte den mykje heime på
julafta .

2. Den hadde ein tekst som var
lett å læra og ein fin og mjuk
tone. Dei enkle versa bar noko
lyst og godt med seg og fortalde
på ein enkel måte kvifor me feira
jul som var lett å forstå; om det
vesle barnet som låg og gret på
ringe seng og om englesongen
der ute og samtidig noko om
barnet sin plass i jula. Når me
song denne songen tenkte eg
alltid på ein himmel full av
stjerner og dei stille grendene var
lysa me såg frå stoveglaset på
andre sida av Sørfjorden. Me
song og denne tistemt på
barneskulen dei siste åra under
Leiv Vatle si gode leiing i
songtimane før jul.

3. Eg må vel seia at eg likar
denne salmen veldig godt
framleis, likevel er det Brorson
sin

vakre julesalme med den
nydelege svenske folketonen Mitt
hjerter alltid vanker i Jesu
føderom som eg no likar aller
best. Denne salmen har ein
utruleg mektig tekst som gir ein
sterk gjenklang i meg for kva jula
eigentleg betyr. Brorson uttrykker
kjernen i evangeliet i denne
salmen. Utan at Jesus kom til
jord, ville ikkje frelsa frå Gud
kome til oss menneske. Det var
det som skjedde for over 2000 år
sidan då Jesus blei fødd i
Betlehem. For så høgt elska Gud
verda at han gav son sin den
einborne. (Joh. 3. 16)

Dei to siste versa i denne salmen
er forma både som ei audmjuk
bønn, men og fylt av takk og den
personlege uttrykksforma gir meg
ord og hjelp til å koma med mitt
liv og mi veike tru til Han som
kom og vart verda sin Frelsar.
Å, kom jeg opp vil lukke mitt
hjerter og mitt sinn og full av
lengsel sukke kom Jesus, dog
herinn ! Det er ei fremmed bolig,
du har den selv jo kjøpt, så skal
du blive trolig her i mitt hjerter
svøpt.

I det siste verset ser Brorson fram
mot påske der Jesus fullenda vårt
frelseverk. Palmegreinene minner
oss om Jesus sitt inntog i
Jerusalem på veg mot korset og
oppstandelsen : Jeg gjerne
palmegrene vil om din krybbe
strø, for deg for deg alene jeg
leve vil og dø. Kom la min sjel
dog finne sin rette gledes stund.
At du er født der inne i hjertes
dype grunn.

Heimesida vår i Kyrkjeleg Fellestråd er:

<http://www.osteroy.kyrkja.no/>



Velkommen til kyrkja

Fredag 14. desember 2007:

Haus kl. 19.00 Julekonsert

3. søndag i advent, 16. desember 2007: * Jes 40,1-8; 2 Pet 1,19-21; Matt 11,11-19

Haus kl. 11.00 Høgmesse. Sørheim. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bruvik kl. 17.00 Lysmesse/julekonsert. Børge Ryland. Haus musikklag og konfirman-tane deltek.

Hamre kl. 19.00 Julekonsert. Tilskipar Hamre musikklag.

Gjerstad kl. 20.00 Julekonsert. Tilskipar Osterøykoret.

Tysdag 18. desember 2007:

Bruvik kl. 18.00 Skulegudsteneste. Melve.

Onsdag 19. desember 2007:

Haus kl. 18.00 Skulegudsteneste. Melve.

Torsdag 20. desember 2007:

Hamre kl. 11.00 Skulegudsteneste. Sørheim.

Fredag 21. desember 2007:

Gjerstad kl. 8.45 Skulegudsteneste for ungdomsskulen. Sørheim.

Gjerstad kl. 10.00 Skulegudsteneste for Hauge skule. Melve

4. søndag i advent, 23. desember 2007: * Jes 40,9-11; 1 Pet 1,10-13; Joh 3,26-30

Tysse bedehus kl. 11.00 Gudsteneste. Melve. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

Julaften, 24. desember 2007: Luk 2,1-14; Mi 5,1-4a

Bruvik kl. 12.30 Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Hamre kl. 14.00 Familiegudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Gjerstad kl. 14.30 Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Haus kl. 16.00 Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Hosanger kl. 16.00 Familiegudsteneste. Sørheim.

Takkoffer til Redd Barna.

Juledag, 25. desember 2007: Joh 1,1-5[6-8]9-14; Jes 9,2-3.6-7; Hebr 1,1-5a

Hamre kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste. Sørheim. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

Haus kl. 12(NB) Høgtidsgudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Det norske misjonsselskap

2. juledag (Stefanusdagen), 26. desember 2007: Matt 10,32-39; Jes 50,4-7; Apg 7,52-60

Gjerstad kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Melve. Sørheim. Nattverd. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Det norske misjonsselskap

Søndag etter jul, 30. desember 2007: Joh 1,16-18; Jes 2,2-5; Kol 2,8-10

Bruvik kl. 11.00 Høgmesse. Sørheim. Nattverd.. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

Nyttårsaften, 31. desember 2007: Joh 14,27; Klag 3,22-26; 2 Pet 3,13-15a,17-18

Hosanger kl. 23.15 Midnattsmesse. Sørheim.

Kristi openberringsdag, 6. januar 2008: Joh 8,12; Sal 72,8-17; 1 Tim 3,14-16

Haus kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Sørheim. Takkoffer.

Hamre kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Melve. Takkoffer til Tibetmisjonen

Vingardssundagen, 13. januar 2008: Luk 17,7-10; 5 Mos 8,7.11-18; 1 Kor 3,4-11

Hosanger kl. 11.00 Høgmesse. Vikarprest. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Såmannssundagen, 20. januar 2008: * Rom 10,13-17; Jer 20,7-9; Mark 4,26-32

Gjerstad kl. 11.00 Familiegudsteneste Nattverd. Melve. Utdeling av "Godt nytt" til 11åringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Kvamseter Gudsteneste i høve konfir-mantleir for Hamre og Hosanger.

Osterøy pinsemenighet, Sion, Bysheim kl. 18.00 Felleskyrkjeleg bibel-



Velkommen til kyrkja

dags-samling

Kristi forklåringsdag, 27. januar 2008: Joh 17,1-8; 2 Mos 3,1-6; 2 Pet 1,16-18

Hamre kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd.
Sørheim. Takkoffer til
Strømmestiftelsen

Kvamseter Gudsteneste i høve
konfirmantleir for Gjer-
stad, Haus og Bruvik.

Sundag før faste (Fastelavnssundag), 3. februar 2008: Joh 12,24-33; 4 Mos 21,4-9; 1 Tim 2,4-6

Haus kl. 11.00 Familiiegudsteneste. Melve.
Utdeling til 11åringane.
Takkoffer til kyrkjelyds-
arbeidet. Kyrkjekaffi

Bruvik kl. 17.00 Familiiegudsteneste. Melve.
Utdeling av "Godt nytt "
til 11åringane. Kyrkjekaffi.

Hamre kl. 16.00 Familiiegudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Hosanger kl. 11.00 Familiemesse. Sørheim.
Takkoffer til Redd barna

Oskeonsdag, 6. februar 2008: Matt 6,16-18; Jes 58,5-9a; 1 Joh 3,4-8[9-10]

Haus kl. 19.00 Fastegudsteneste.
Fastesuppe i kyrkjelyds-
huset etterpå.

1. søndag i faste, 10. februar 2008: Matt 16,21-23; 1 Mos 4,3-7; Jak 1,12-15

Frekhaug Kyrkjefest for Nordhordland.

2. søndag i faste, 17. febr. 2008: Luk 7,36-50; 1 Kong 18,21-26.36-39; Jak 5,[13-15]16-20

Gjerstad kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd.
Sørheim. Takkoffer til
Bibelmisjonen

3. søndag i faste, 24. februar 2008: * 2 Kor 12,7-10; 2 Sam 22,1-7; Luk 4,31-37

Hamre kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd.
Ryland. Takkoffer til
Nordhordland indremisjon

4. s. i faste, 2. mars 2008: Joh 6,24-36; 2 Mos 16,11-18; 1 Kor 10,1-6

Gjerstad kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd.

Melve. Takkoffer til
Normisjon

Hosanger kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.
Sørheim. Takkoffer til
Normisjon

Maria Bodskapsdag, 9. mars 2008: Luk 1,46-55; Jer 33,14-17; Ef 1,3-6

Haus kl. 11

Familiemesse. Melve.
Nattverd. Avslutning for
dåpsskulen. Takkoffer

Hamre kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.
Sørheim. Takkoffer til
Strømmestiftelsen

Fredag 14. mars 2008:

Hosanger

Skulegudsteneste. Sørheim.

Palmesundag, 16. mars 2008: Joh 12,12-24; 2 Mos 12,21-28; Hebr 2,14-18

Gjerstad kl. 11.00

Familiemesse. Nattverd.
Sørheim. Avslutning for
dåpsskulen. Takkoffer til
Bergen
sundagsskulekrets.

Kyrkjeskyss til Haus:

Maria og Johannes Hundhammer, tlf. 56 39 00 33.

Sigrid Mjelde, tlf. 56 39 01 04.

Anne Karin og Einar Rivenes, tlf. 56 39 04 52.

Madli og Olav Hannisdal, tlf. 56 39 43 21.

Kyrkjeskyss til Gjerstad

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogeleg å mringja til ein av desse :

Roald Hauge tlf. 56394507

Ingunn Hartveit Mæstad tlf. 995 41 245

Ver ikkje redd å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykkjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera det.

Glimt frå familie-messa i Haus

Det var eit fint følgje med forventningsfulle 4-åringar saman med foreldre og søndagsskuleborn som kom inn i prosesjon denne søndagen i kyrkja saman med dei som skulle ha barnedåp. Det var utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringane. På kyrkjeverkstaden dagen før hadde Johannes lova 4-åringane ei overrasking når dei kom i kyrkja. Det var nok fleire enn 4-åringane som var litt forundra over at framme i kyrkja stod det ein ordentleg robåt. Kva var det som skulle skje? Teksten for søndagen var om då Jesus stiller stormen og då tida var kommen for preika, vart alle 4-åringane invitert opp i båten og dei let seg ikkje be to gonger. Det er ikkje farleg å vera oppi denne båten, her er det trygt, forsikra Johannes dei 12 som var komen om bord. Så fortalde han om Jesus og læresveinane som var ute i båt og



Presten fortel om når Jesus stiller stormen. 12 forventningsfulle 4-åringar i båten.

om når stormen kom. 4-åringane sat som klistra og såg på både presten og teikningane som dei sjølve hadde vore med å laga dagen før. Det vil nok av og til og kunna bli stormar i livet vårt, men det er ikkje farleg når


Jesus er om bord i båten, Han som kunne stilla stormen, minna presten oss alle om. 4-åringane forlet båten litt nølande når preika var over, for dette hadde vore kjekt, dei kunne nok tenkt seg at reisa hadde vart



*«Sprell levande ungar».
Søndagsskuleborna i Haus syng.*

endå litt til. Me fekk og eit flott innslag med song av ein frisk gjeng med søndagsskuleborn. Dei ikkje berre song, men viste oss at dei var "Sprell levande ungar"- friske nye songar henta frå det nye søndagsskuleopplegget som har same namnet. I etterkant av gudstenesta var det kyrkjekaffi som søndagsskulen stod for. Takk og til konfirmantane våre som tok aktiv del i gudstenesta både som forsongarar og med tekstlesing.

Madli Hannisdal



Frå kyrkjeverkstaden.

Familie- nytt



Gjerstad

Døypte:

- 24. 06. Isabell Vevle Lone
- 23. 09. Linnea Jin Gullbrå
- 21.10. Jonathan Revheim
- 21.10. Sander Hatland Bjørsvik
- 04.11. Håkon Kleiven Solberg (Ostereidet kyrkje)
- 11.11. Torjus Krakhella Sangolt
- 11.11. Aron Guest Aksnes (døpt i Kampen kirke)

Gravlagde:

- 05.10. Randi Greve Nesthus (f. 1956)
- 09.10. Målfrid Loftås (f. 1922)
- 06.11. Nils Birger Risnes (f. 1916)
- 09.11. John Birkelid (f.1932)

Haus

Døypte:

- 30.09. Martine Lundgren Hauge
- 14.10. Lene Steinsland Pedersen (Busett i Ulvik sokn)
- 04.11. Elias Nikolai Vik Heimvik
- 04.11. Sander Hauge Aarbakke
- 04.11. Leah Åsheim Tufta (Busett i Hamre sokn)
- 18.11. Marie Hørnar Veland

Gravlagde:

- 21.09. Borghild Johanna Mjelde (f. 1925)
- 18.10. Anna Sofie Ludvigsen (f. 1908)

Hosanger

Døypte:

- 22.07. Rune Johanson Fjellskålnes
- 16.09. Henrik Nesheim Aadland (busett Fusa)
- 21.10. Leon Eikefet-Eide

Gravlagde:

- 23.10. Sigurd Kleppe (f. 1919)
- 22.11. Peder Pedersen (f. 1918)
- 27.11. Augusta Løvteit (f. 1934)

Hamre

Døypte:

- 23.09. Vilde Høvik Haugland
- 14.10. Håvard Zahl Bakken
- 14.10. Sebastian Kloster Daltveit
- 14.10. Rebekka Hammer
- 04.11. Leah Åsheim Tufta (Haus kyrkje)
- 25.11. Ane Bjordal Vatne (Busett Slettebakken)
- 25.11. Kristin Dommarsnes (Busett Salhus)
- 25.11. Eirik Hallan (Busett Etne)
- 25.11. Malin Fotland-Magnussen (Busett Slettebakken)
- 25.11. Trym Thunestveit Johannesen

Vigde:

- 08.09. Katrine Tveiten Fløysand og Roger Last
- 06.10. Tirill Birgitte Øvsthus og Terje Steiro

Gravlagde:

- 20.11. Signe Anny Rundhovde (f. 1924)
- 28.11. Jan Bjørn Børtveit (f. 1941)

Bruvik

Gravlagde:

- 14.09. Øystein Faugstad (f.1947)

50-årskonfirmantane



50-årskonfirmantar frå Haus: 1. rekkje frå venstre: Klara L. Skjerping, Magnhild Hausberg Fristad, sokneprest Johannes Melve, Kari Hana Tvedterås og Rut Svanhild Skår Evensen. 2. rekkje frå venstre: Kjellaug Tunes Stabrekk, Nils Romslo, Arne Mjelde, Olav Mæhle, Birger Kippersund og Margot Rossland Olstad. (Fotograf: Johnny Selvik)



50-årskonfirmantar i Gjerstad: 1. rekkje frå v: Magny Vevle Solberg, sokneprest Johannes Melve, Sigrun Halland Midtun. 2. rekkje frå v: Håkon Skjerping, Jorun Birkelid Vevle, Kjellaug Vevle Stokke, Sigrun Elin Låstad Tvedt, Laila Løtveit Solberg, Knut Solberg. 3. rekkje frå v: Jon Inge Martin Kleiveland, Jorunn Vevle, Sigrun Nygård Taule, Kari Kallekleiv Myking, Eilif Johannes Birkelid. (Fotograf: Rune Solberg)

50-årskonfirmantane



50-årskonfirmantane frå Hamre: 1. rekkje frå v: Liv Hagesæther Myhr, sokneprest Inge Sørheim, Lilly Gunvor Kjellevoid, Annlaug Elfrida Raknes Gulli. 2. rekkje frå v: Bjørg Valestrand, Johanna Angelskår Seim, Gunnvor Fyllingsnes Husdal, Solveig Marie Hjelmås Hjelmetveit, Oddrun Tepstad Kleppe, Berit Reigstad Hodneland. 3. rekkje frå v: Sylvia Alis Sjusæter, Jan Erik Strømsnes, Terje Tepstad, Omar Helge Elvik, Elin Margrete Norland Melingen. 4. rekkje frå v: Lars Bjørge, Leif Birger Sætre, Norvald Vedå, Leiv Magne Skår, Svein Tepstad, Håkon Kjell Tveiten. (Fotograf: Rune Solberg)



50-årskonfirmantar i Hosanger: 1. rekkje frå v: Gerd Andrea Eide Smørdal, vikarprest Kåre Mestad, Rigmor Asta Tysse Øen, Gerd Ingeborg Stusdal Daae. 2. rekkje frå v: Ragna Vare Thunestvedt, Tordis Doris Grimstad Engstrøm, Mari Valborg Herland Treet, Astrid Inger Urdal Sande, Eldbjørg Boge Tysnes, Hildegunn Jenny Dyrkolbotn Kristensen. 3. rekkje frå v: Anders Atle Haukøy, Gunnar Røsland, Erling Olav Herland, Karstein Bjørge, Arvid Matre. 4. rekkje frå v: Tor Johannes Bjørgås, Bjørn Martin Lilletveit, Steinar Børslid, Bjørn Jakob Bjørsvik, Sigurd Eidsheim. (Fotograf: Rune Solberg)

Juleglede

av Aslaug Rundhovde

Frå tidlegare rådmann i Osterøy Eivind Karl Rundhovde hev redaksjonen fenge tilsendt diktet Juleglede som syster hans Aslaug skreiv til julefesten på Tingvoll Statsrealskule i 1956, der ho då var lektor. Ho var seinare tilsett i 25 år ved Laksevåg Gymnas. I hennar etterletne papir er det store bunkar av talar, dikt og prologar.

Julefest i fridom, fred
skal vi og i år få halda
gå kring pynta juletre
høyra kyrkjeklokka kalla,
ringja inn den høgtid stor
i vårt kjære land her nord

Å, kor vi i dag oss gled
når vi no snart heim skal draga.
Alle skal vi vera med
denne høgtid festleg laga
i den heim som vi har fått
gjera alt vi veit av godt.

Men ein mislyd trengjer inn
midt i denne store gleda :
Ikkje alle heim seg vinn
og kan julesongen kveda.
Verda brenn i hat, i blod
kjenner lite ordet god.

Sorg og saknad liding hard
born som utan trøyst må gråta
saknar mor og saknar far –
Vi kan grunna på den gåta
kvifor slikt får lov å skje
medan englesong er :Fred.

Mannehjarta er så kaldt
vil ei himmelbodskap akta.
Den mest verdfull er av alt
den vi her i nord vil vakta
verna om, - og takka for
at han enno til oss når.

Vi vil helsa himmelbror
som nå inn til oss vil treda
eit velkomen til vår jord,
takka for vår store gleda
Ynskjer så – så varmt vi kan
"Signa jul for alle land".

Salmar frå skattkista

I siste nr. vart Liv Bente Lavik utfordra av Bjørg Systad. Ho hev valt salmen Ein fin liten blome i skogen. Dette er ein veldig fin salme, seier ho. Den står på nr. 310 i salmeboka. Av ein ukjend svensk forfattar, omsett av Anders Hovden i 1927. Bjørn Eidsvåg hev laga melodien. Ho utfordrar Sturle Litland til neste nr.

Ein fin liten blome i skogen eg ser, i
granskogen diger og dryg
og vent mellom mose og lyng han seg ter.
Han står der så liten og blyg.

Sei ottast du ikkje i skogen stå gøymd Der
skuggane tyngja deg må ?
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd.
Til ringaste blom han vil sjå.

Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå, der
folk kunne skoda på deg?
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små.
Eg føddest til skogblome, eg.

Ein dag vil den stormande vinter deg nå, Då
vert det vel dødsdagen din.
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på, til
vårsola kysser mott kinn.

Eit bod frå min Herre du blome meg ber :
Om einsleg eg vert på min veg
Så veit eg at Herren vil vera meg nær Gud
Fader han vernar og meg.

Om enn eg er liten, har Herren meg kjær.
Med honom eg kjenner meg sæl.
Kvar morgon meg bøna til himmelen ber,
med bøna eg sovnar kvar kveld.

Ein kledning eg fekk av min Frelsarmann
kjær, i blodet hans reinsa den er.
Den høver for himlen, der gullgater er .
Den høver for vandringa her.

Som blomen om vinteren visnar eg av, men
gled meg for då står eg brud.
Lat lekamen kvila med fred i si grav.
Mi sjel ho er heime hos Gud.

Ja, glad skal eg vakna hos Jesus ein gong i
morgonen æveleg klår.
Og blanda med heilage englar min song i
himlen, dit døden ei når.

Ungdomstankar ved juletid

av Ida Elisabeth Kleiveland.

Som mange andre ungdomar er det sjeldan eg tenkjer ordentlege juletankar før jula verkeleg tar meg på senga.

Som ein del av den oppveksande generasjon kjenner eg fyrst og fremst jula som eit maskert og svulmande pengesluk. Ein kan jo til dømes sjå på belysninga rundt om kring, den er jo av gildaste sort.

Kvart år forventar familie og vener dyrare og flottare julegåver enn året i forvegen.

Allereie i oktober er butikkane i full gang. Alt dette kan ein ungdom vite, men kva med den eigentlege jula? Bussen eg sat på etter arbeid i dag var mildt sagt overfull. Busssjåføren måtte til slutt avvise dei siste passjerarane som ville inn, for det var ikkje plass. I dette mylderet av ståande og sveittande menneske tok tanken meg med inn i Lukas evangelium der forteljinga om Jesu fødsel står skrive.

Den tilsynelatande idylliske historia rulla rundt i tankane mine slik som prinsesse Marta Lovise les den opp på cd-en til Oslo gospel choir. Det går opp for meg at det ikkje er nemnt nokon stall i det heile. Og eg som alltid hadde sett for meg ein trebygning med ein koseleg okse og eit esel som kvila attmed den vesle familien. Julekrubba heime blei med eit daud teologi. Krubba kunne like

gjern vore i eit telt, eller i ei hule. Dyra som skulle ete frå krubba stod nok gjerne med hovuda sine godt oppi høyet, og bråket dei laga kan på ingen måte likna vår kultur sin julemusikk. Det var ingen idyll, og ingen overflod. Skittent og enkelt, og langt mindre dyre presangar som i det store og heile berre fortel noko om tjukkelsen på lommeboka til gjevaren.

Eg er altfor ung til å kunne sette oppriktig pris å få ei appelsin, eller nokre heimelaga sokkar til jul, men var det ikkje i nettopp det som var ekte?

1. Korintarbrev 16. 14 fortel : "Lat alt de gjer bli gjort i kjærleik" og 2 Korintar 9. 7-8 seier: "Kvar må gje det han har bestemt seg for i sitt eige hjarta, ikkje med ulyst eller tvang. For Gud elsker ein glad gjevar. Og Gud er mektig til å gje dykk alle gåver i rikt mål, så de alltid og i alle høve skal ha alt de treng, ja ha overflod til all god gjerning."

Kva betyr då ein iPod til 2000 kr. dersom du kan få eit par med heimestrikka sokkar, laga i kjærleik? Kva om me alle hadde stressa ned eit par hakk og kjent litt på om me handlar i kjærleik?

Kanskje kan julevasken vente, og gåvene heller utebli enn å bli upersonlege?

Alt handlar om verdiar, og når Jesus var perfekt teologi, kvifor



feirer me då ikkje fødselsdagen Hans på same måte som Han gjorde?

Stress høyrer ikkje heime i denne høgtida, men menneska har påført feiringa den byrden.

Jula treng å sleppe å gå rundt med ei maske av tilfredshet, for eg veit at det finst mykje uro.

La jula vere ekte og levande. Eg kan avslutta med at den julegåva som har betydd mest for meg nokon sinne, kosta ingen ting. Tårene fyller augene mine når eg tar det svært ekte julebrevet ut av Bibelen den dag i dag. Men skrive av ein god ven med begrensa økonomisk kapasitet vart det fylt av den vissheten om det ingen pengar kan kjøpa.

Glede, lukke og kjærleik, formidla frå et ærleg og oppriktig hjarte talar rett inn i ein annan person sitt liv. Det er då det blir ekte, når du ofrar dei tre tinga me nordmenn ikkje har råd til å miste : Stolthet, tid og egoisme.

Medarbeidersamling

for sokneråda i Haus, Bruvik og Gjerstad med tilsette og andre friviljuge arbeidarar innan kristent arbeid 2. november i Kyrkjelydshuset i Haus

Musikkinnslag av Ulf, Liv, Kjell og Torill.

Medarbeidersamling for sokneråda i Haus, Bruvik og Gjerstad/ tilsette og andre friviljuge arbeidarar innan kristent arbeid 2 nov. i Kyrkjelydshuset i Haus.

Vel 40 personar hadde møtt fram då Roger Breivik helsa oss velkomen og gav ordet til Helge Kolstad som las ord frå Bibelen og knytte nokre ord til det. Roger Breivik kunne så helsa velkommen til tre musikarar og ein songar. Desse var Liv Skoglund, (piano) Ulf Sverresvold, (bassgitar) Kjell Hannisdal, (kornett) og Torhild Mjøs Langhelle, song. Liv Skoglund hadde funne fram



musikk etter Duke Ellington og ho oversette ein lang engelsk tittel til norsk med to ord. Gud – Kjærleik. Dei framførde 2

nummer i fyrste avdeling. "Korleis ta vare på seg sjølv og andre i ein travel kvardag" var tema for kvelden. Åge Clausen

God stemning ved bordet.




Praten går.



fekk ordet støtta med korsong på kassett, ro og lun humor, lysbilete

Åge Clausen delte tankar med oss omkring kveldens tema.



Viktig at du har balanse mellom arbeid, fritid og familie, kultur/friluft og noko å tru på. Det er sunt å la seg begeistra. Vis respekt for andre. Det er samanheng mellom det å få og gje. Vil du få noko må du yta. Og til fridom har Kristus frigjort oss. Eit sitat "det er berre den som ikkje gjer noko som ikkje gjer feil" Åge Clausen stod ikkje inne for innhaldet i sitatet. I eit referat kan ein ikkje få med alle tankane som Åge Clausen frambar og Øyvind Vevle har hjelpt til med notatar. Takk til han.

No var tida komen til matøkt. Margun Helle hadde laga

gryterett, ris salat og loffskiver og så vart det kaffi med litt lefse attåt.

Organist Rivenes spela til song føre og etter maten. Me fekk så musikkinnslag frå den før nemnde kvartett. Roger Breivik takka alle dei medverkande med ord og blomar, for så å invitera alle til ein liturgisk kvelds-andakt i kyrkja. Denne vart leia av presten Melve, dei to organistane og fru Skjeldal. Dette vart ei fin avslutning på ei hyggeleg kveldstund.

Ref. Rolf Kalland

av vakker Osterøynatur og nokre muntre vener. Eit spørsmål er om det finst noko medisins som kan hjelpa oss til å ta betre vare på oss sjølve og andre ?

Han meinte som viktige moment var å gleda seg over det positive ein har fått, så som barn/barneborn. Vera takksam. Freista koma over "tuer" i ekteskapet som kan valda problem, vanskar, kriser, snu det så dei kan brukast til byggestein for å byggja eit betre samliv.

Gode vener" Ein verkeleg god ven er ein som er der når du treng han, og let deg vera i fred når du treng det".

og praten går.



Et sommerminne

Ja, no er sommeren over og julen står allerede snart for døren. Om vi skal kunne kalle det sommer, det vi opplevde i år, er en annen sak, men uansett vær, vil det alltid oppstå situasjoner som fester seg på minnet både på godt og vondt.

Denne sommeren hadde jeg egentlig ikke tenkt meg noe sted. Som den urolige sjelen jeg er, følte jeg at tiden ikke strakk til for å fullføre alt jeg hadde planlagt å få gjort. No har det seg slik at en ting hadde jeg ikke tatt med i beregningen:: Selv om sjelen min fortsatt føles som om den fortsatt er 17 år gammel, er legemet tross alt nærmere 68, og dermed oppsto den store "kampen" mellom sjel og legeme. Ingen ville gi seg, og til slutt var det like før "gamle" Selvik gikk på trynet, både mentalt og fysisk. Jeg følte at jeg ble en mare for omgivelsene. Sur og grinete og full av mistenksomhet for forslag om dette og hint. Deprimert og omtrent ute av stand til å utføre de mest nødvendige daglige pliktene.

Heldigvis hadde jeg så pass med vett at plutselig en lørdagskveld, sittende foran fjernsynet, kom jeg plutselig at jeg har jo faktisk to helger på rad uten kirkelige plikter. Hvorfor sitter jeg da her, når hjertet mitt og savnet går i retning barn og barnebarn i Trondheim? Gjett om det var en som kastet seg over telefonen og fikk konstatert fergetider Vangsnes-Hella. Det neste var å pakke kofferten. Heldigvis hadde jeg fylt opp bilen med bensin, så allerede kl. 0530 søndag morgen var jeg på vei. Turen var en usedvanlig rask og smertefri tur omtrent uten tyske bo-biler å irritere seg over, så allerede kl. 1230 var jeg fremme hos min kjære sønn, Eirik. Resten av søndagen gikk fort med prat og kos til langt ut i de små timer og klokken var vel nærmere 0300 mandag morgen før vi tok kveld.

No begynner egentlig det som har festet seg som et uforglemmelig minne. Jeg våknet opp til et strålende solskinn, noe som var heller uvanlig for en vestlenning. Min sønn lå enno og sov og jeg fant ut at dagen var for fin til å sitte innomhus, så etter en lynrask frokost visste jeg ikke ord av det før jeg satt i bilen på vei nordover til Nord-trøndelag. Forrige gang jeg var i Trondheim hadde jeg besøkt Maria-klosteret på Tautra og hatt en enormt fin opplevelse, men på langt nær fått gjennomført alt jeg hadde lyst til.

Dette på grunn av vær og føreforholdene. Det var nemlig i november året før. Imidlertid forsto jeg at det var nok en underbevisst lengsel tilbake til klosteret på Tautra som dro meg. I ettertid har jeg forstått at det virkelig var et behov for meg å oppsøke det.

Noen kilometer før jeg kom til Tautra ligger den gamle tinghaugen, hvor Frostatinget holdt sine ting. Det ble første stopp. Å stå på toppen av haugen og skue utover det vidstrakte åkerlandskapet ga meg et historiens sus. Jeg kunne formelig se tusener av brynjekledde, rasende bønder rasle med våpen og planlegge å ta livet av Olav Digre i år 1030. Det hadde allerede gått rykter om at han var på vei fra Sverige med en hær og veien fra Frosta til Stiklestad var ikke så lang. Vi vet jo alle hva som hendte der. Like ved tinghaugen ligger Lagtun steinkirke fra 1100-tallet. Der var ikke et menneske å se i- eller rundt kirken, men heldigvis var den merkelig nok ulåst. Den var et skattkammer for en historisk interessant kirketjener fra Osterøy, så jeg fikk behørig foreviget interiøret. Et spesielt interessant objekt var en svær, rosemalt trekiste som sto ved siden av alteret. I følge opplysninger, skulle de gamle Frostatings-lovene gjennom mange hundre år ha vært oppbevart i kisten. No er de selvfølgelig oppbevart i et eller annet arkiv. Mest sannsynlig riksarkivet.

Vel framme ved klosteret var jeg heldig og kom fram akkurat da en av tidebønnene skulle begynne. Det var en gripende og sterk opplevelse å følge den, oppleve den vakre sangen og den inderligheten Maria-søstrene la for dag i sin måte å tilbe vår alles frelser, Jesus Kristus på.

Etter tidebønnen ble jeg sittende igjen allene i klosterkirken. Det var som om

tiden stanset. Stillheten var total, ja, den var nesten øredøvende. Jeg følte at Jesus var rundt meg. En ufattelig fred og varme spredde seg i kroppen min og jeg følte at alle vonde tanker forsvant ut av hodet mitt og uante krefter spredde seg gjennom kroppen min på en måte som jeg aldri har opplevd før. Jeg vet ikke hvor lang tid det gikk, men plutselig var det tid for en ny tide-bønn. Etter tidebønnen ble jeg invitert av min kjære venninne, søster Hanne-Maria på kaffe og kaker og en lang prat. Jeg vet at jeg er et bønnebarn i klosteret og jeg fortalte henne at hun og de andre søstrene alle hadde en stor plass i mine bønner. og. Det var ikke så lenge jeg ble værende i Trondheim denne gangen, men oppholdet ga meg en utrolig fin opplading av mine batterier, selv om jeg hadde et hektisk program resten av oppholdet. Vel hjemme igjen var jeg så uthvilt at jeg følte at jeg sprudlet. Overskuddet til å virke i mitt arbeid for kirken er tilbake for fullt. Det kan nevnes at selv om jeg aldri har følt dragning mot å konvertere til den katolske lære, så synes jeg at det er inspirerende å se at både de og vi tilber den samme Jesus, og Frelseren møter du der du søker ham, enten det er i en av våre kirker på Osterøy eller i en klosterkirke på Tautra.

Til slutt vil jeg nevne at hvis noen av leserne av disse linjer kjenner seg utbrent og føler at alt rakner rundt dem, anbefaler jeg på det varmeste:

Ta turen til Tautra Marie-kloster. De har egen retreat-avdeling hvor det går an å bo og søke stillhet i kortere eller lengre tid. Hvis det er ønskelig kan jeg formidle kontakt.

For meg har det i hvert fall vært rett medisiner. Hvorfor ikke og for andre?

God Jul

Einar Johnsen Selvik



Jul før og no

Sumaren og hausten har forlengst takka for seg, og me har teke til å sjå fram mot den største høgtida i året, jul. Aldri kjem tradisjonane fram som rundt denne høgtida.

For ein del år sidan var det slik rundt om på gardane, at julegrisen kom til gards tidleg på sumaren for å verta stor nok til jul. Grisen måtte slaktast på veksande måne, då vart kjøttet drygast. Mykje av kjøttet vart salta og røykt. Det vart laga sylteflesk av hovudet og syltelabba av beina. Fleskerull av svongen, som vart rulla saman med salt og pepper. Den vart salta og røykt saman med sideflesket (bacon i dag). Men i dei tider var ikkje fryseboksen komen, så det vart laga lake av salt og nellik for å bevare det. Det var ei god lukt når denne laken vart koka. Nå sauen kom frå fjellet vart nokre av dei og nytta som julemat. Det meste av dei vart også bruka. Hovud og føt på sauen vart svidde, skrapa og vaska godt, og lagde i saltlake for seinare å verta røykt saman med det andre av sauen. Før var "smalahove" fattigmannskost, i dag er det å finna på juleborda og er festmat. Rullepølse vart og laga som i dag. Fårerull heiter det no. Det vart hengt til tørk på ein lun stad. Eg huska bestemor sa at det var godt å vera ferdig med dette arbeidet.

Sauen gav ull, som vart karda og spunne til garn. Blanda ein kvit og svart ull fekk ein gråleg farge. Ein del var flinke å farga garnet, naturen gav mange fine fargeslag. Det vart vevd mange ting, ulltepper vart laga heime. Kan tenkja det var stas for den som fekk nytt ullteppe, det var sikkert ikkje kvart år. Strikkepinnane vart nok mykje bruka, det skulle strikkast undertøy, yttertøy og julaleistar. Ja, denne tradisjonen er ført vidare hjå oss. Alle likar å få lestar til jul. Fargen får dei koma


med ynskje om. Men garnet er nok tynnare i dag. Det var sikkert ikkje ofte dei fekk nye plagg når alt skulle lagast sjølv, kanskje det var sterkare enn det som vart kjøpt ferdig. Eg tenkjer ofte på den skapargleda ved å laga ting sjølv. Heime hadde me sydame når det lei mot jul og laga nye klede til oss, og det var stas.

Når jula nærma seg skulle me baka, alle dei sju sortane skulle helst vera der. Lefser og flatbrød vart laga. Kakeboksane burde helst vera fulle. Eg trur me var meir glad i kaker den tida. Bakar gjer me i dag og, men litt dyremat vert det nok av kakene.

Det var ikkje alle som hadde kjøtt som julemat, mange bruka lutafisk eller nakka. Den måtte kjøpast som tørrfisk (nokon sa stokkfisk), og vart luta ut. Først vart den bløytt i vatn og seinare sett i lut og til slutt vatna ut i fleire dagar. Luta var askelut som vart teke frå ovnen. Det var alltid nøye kva som vart lagt i ovnen, når ein skulle ha det til lut. Det var bjørkeved som vart nytta. I dag har me også fisk på julaften, men den kan kjøpast ferdig for dei som vil. Så var det heimelaga smør til fisken. Dersom me har rømme av yste (første mjølka frå kyra etter kalving) vert smøret skarpt gult. Det var berre fisk og poteter som vart bruka og det heimebaka flatbrødet, i dag vil me gjerne ha noko meir, erter, gulrot eller kålrotstappe. Tillaging av fisk tek 12 til 14 dagar.

Til jul vart det vaska og rydda frå loft til kjellar. Det var ofte tømmervegger som vart skura med sand og grønsåpa. Reint vart det. I dag vaskar og ryddar me og, men på ein mykje lettare måte. Eg tenkjer på korleis husmora sine hender var etter vasket var unnagjort.

Alt som var blankt i huset skulle



pussast. Det var jul, alt skulle skina. Slik vil me ha det i dag og. Juletreet var henta oppunder julaften, ja kanskje julaften. Pynting av treet vart julaften, i dag vil me no gjerne ha alt ferdig litt før. Det vart gjerne laga litt julepynt, lenker og korgar av glanspapir, dei var verkeleg fine. Til slutt vart holdarane til dei levande lysa sett på. Eg trur augene skein om kapp med lysa, så fint dette var. Det måtte passast godt på lysa så det ikkje tok fyr. Dei fekk ikkje brenna så lenge om gongen heller, dei skulle vara lengst råd var. Tenk så enkelt å setje kontakten i veggjen, og ein er langt tryggare utan open flamme.

Kornbandet måtte også vera på plass, fuglane måtte ha det godt i jula. Gåvene vart lagt under treet. For det meste var det nyttige ting og gleda var stor over gåvene.

Klokka fem (kl.17) var me ute på trappa og hørde kyrkjeklokka ringde jula inn. Me snakka ofte om kor heldige me var som hadde nok mat, ikkje alle hadde nok mat då, og langt frå alle får ete seg mette i dag. Me kunne vera trygge når me gjekk til ro om kvelden og vakna opp til det same. Tenk kor stort dette er i dag. Eg ynskjer alle ei fredfull jul og eit godt nyttår. Med helsing

Jorunn S. Holsen

Soknepresten har ordet

Høgtid


Deler du dette ordet, vert det *høg tid*. Når nokon er ute i siste liten, eller ser at tida er i ferd med å renna ut, seier me at det er på *høg tid*. No før jol er det mange som opplever at dagane ikkje strekk til, dei vert for korte. Når det er på *høg tid*, er det på tide å ordna opp, før det er for seint.

På *høg tid* betyr òg at det er *ei travel tid*. Adventstida er ofte *ei travel tid*. Alt skal vera klart til jol. Då er det altfor mykje som skal opnast opp i. For oss vaksne går adventstida altfor fort. For dei små kan det verta lenge å venta. Men me vaksne har som regel ikkje vanskeleg for å fylla dagane fram til jol. Me som har levt ei tid, har lagt merke til at jola har breidd seg inn i

adventstida. Og når joledagane er over, er det stort sett slutt på jola for mange.

Jolebordsesongen startar i lang tid før jol. Jolefestar som før var etter jol, er no før jol. Og når altfor mykje skal inn i førjols-tida, vert ho travel.

Når orda *høg tid* vert sette saman til **høgtid**, er det ikkje lenger stress og mas som ligg i det ordet. **Høgtid** er ro og fred frå det høge. Ordet **høgtid** har himmel over seg. Og jola er høgtid fordi jolebodskapen er ein god bodskap. Det sentrale i jola er bodskapen frå Gud: Ein frelsar for alle menneske. Når alle dagane vert like, er det ikkje lett å skapa høgtid. For høgtid vil seia at denne tida er annleis enn dei vanlege dagane. Eg trur



det er viktig å skapa høgtid. Me har godt av å ha ei tid som skill seg ut og er annleis enn den vanlege tralten.

For å få **høgtid** seier eg: Velkomen til kyrkje! Her prøver me å skapa høgtid. Her er det himmelen som opnar seg for ei god oppleving.

Johannes Melve

Ny redaktør


Frå og med neste nr. hev Kyrkehelsing fenge ny redaktør. Dei fleste kjenner Kristoffer Foldøy. Han er rektor ved Hamre skule. I mange år hev han vore omvisar i Hamrekyrkja. Foldøy hev lenge vore ein skrivande person med stor interesse for kyrkjhistorie. Såleis skreiv han i 1995 boka "Kyrkja ho er eit gamalt hus" om Hamrekyrkja. Boka om Solveig Jernqvist "Et liv i tjeneste" er og kome frå hans hand. Han hev og skrivt mange andre artiklar. Kyrkehelsing er difor i trygge hender. Gamleredaktøren ynskjer lukka og signing over arbeidet til nyeredaktøren.

Med dette vil eg få takka for meg som redaktør i Kyrkehelsing. Frå og med julenr. i 1997 hev eg vore redaktør, det vert 10 år. No er eg i mitt 75 år og det er på tide å sleppe yngre krefter til. Eg vil takka dei andre i redaksjonen for godt samarbeid. Sameleis takkar eg Helge Johnsen.

Vil og takka lesarane. Hev ofte fenge høyra positive ord om bladet og innhaldet i det. Dette hev vore ord som varmar, og det hev vore med på å gjeva meg mot til å arbeida vidare.

Olav Meltvik

Kyrkjeverja informerer



FORNYING OG FESTE AV GRAVER.

Sidan våren 2007 har kyrkjekontoret sendt ut brev til pårørende til avdøde personar på Osterøy. Dette er gjort for at vi skal oppdatere våre gravarkiv, samtidig som vi ønskjer å gjeva dei pårørende informasjon om kva lovgivinga seier om det å behalde ei grav.

Vi ønskjer med denne informasjonen i Kyrkehelsing å gjeva ein allmenn informasjon om eigartilhøva til ei grav og kva det fører med seg.

Fredningstid.

I kyrkjegardsvedtektene for Osterøy prestegjeld, er fredningstida for graver i kommunen fastsett til 30 år. Dette betyr at grava er fri i 30 år og i denne tida skal det ikkje betalast festeavgift. Det betyr også at grava ikkje kan nyttast til ny gravlegging i den 30 årsbolken og i fredningstida skal grava liggja urørt. Når 30 år er omme, kan ein søkja om å få behalde grava vidare og då må det betalast festeavgift (sjå under)

Feste/festeavgift :

Dersom dei pårørende etter 30 år ikkje ønskjer å fornye grava går den attende til Kyrkjeleg fellelsråd og grava kan brukast opp att.

Dersom dei pårørende ønskjer å oppretthalde grava utover 30 år må ein feste grava for kor mange år ein ønskjer å behalde grava. Ein må då betala festeavgift.

Denne festeavgifta vert bestemt av Kyrkjeleg fellelsråd, og er i 2007 fastsett til kr. 80,- pr. år. Når det er bestemt kor mange år dei pårørende ønskjer å feste grava for og festeavgift er betalt, vert det tilsendt eit festebrev til dei ansvarlege for grava. Etter at fredningstida er ute, kan grava festast i 30 år til, altså fredningstid + 30 års fornying/feste = 60 år. Når det er gått 60 år kan ein ikkje feste grava ytterligare, dersom ikkje heilt spesielle grunnar talar for ytterligare feste av grava.

Festeansvarleg:

Når ein person dør, er det ein av dei pårørende som syter for gravferda. Denne ansvarlege underteiknar dei offentlege papira som følgjer med ei gravferd og tek avgjerder på vegne av familien når det gjeld seremoni, gravplass m.v.

Den som syter for gravferda er også den som er ansvarleg for grava (festeansvarleg) med mindre familien bestemmer noko anna.

Når ein festeansvarleg dør, skal Kyrkjeleg fellelsråd ha melding om kven den nye festeansvarlege er. Dette er svært viktig for at kyrkjekontoret skal kunna ha eit oppdatert gravregister. Dette er i svært liten grad vorte fylgt opp tidlegare og difor må kyrkjekontoret leite oss fram til kven som er festeansvarleg. I dette arbeidet er vi avhengig av hjelp frå dei som motek breva og som ikkje er rette adressat.

Desember 2007

*Kom til meg kvar morgon du himmelens gjest,
og lys du din fred i mi stova.
Takk for du signa kvardag og fest,
slik som du sjølv har oss lova.*

*Du søkte meg opp i den avgøymde krå,
der eg mine barnesko trødde.
Om åri vart mange og håri vart grå
og føtene ofte vart mødde.
Med trufast arm du meg stødde,
og sjælesåri som blødde du grødde.*

Gudrun Johnsen

Takk til Olav Meltvik

Etter 10 år som redaktør av Kyrkehelsing, sluttar Olav Meltvik no. Dette er siste bladet han redigerer. 10 år ei lang tid, og Kyrkehelsing har vore i gode hender i alle desse åra. Attåt alt som Olav Meltvik har vore med på, kjem det : Redaktør av Kyrkehelsing. Og dette arbeidet er ikkje det minst viktige han har gjort!

Me takar for ei vel utført teneste. Kyrkehelsing har vorte lese, og det er den beste attesten ein redaktør kan få.

Takk, Olav!

Johannes Melve

LMF - hva er det?

- Mamma, det er en dame fra bokstavforeningen som vil snakke med deg.
Ja, slik hadde den lille jenta oppfattet det hun hørte i telefonen. Og hva er så LMF?
Bokstavene er forkortelse for Lærerinnes Misjonsforbund som ble stiftet i 1902. Derav det noe «gammelmødige» navnet som nå har historisk verdi.
LMF er et støtteselskap for forskjellige misjonsorganisasjoner, ikke en sendeorganisasjon.
Vi arbeider etter tre hovedpunkter:
1. Forbønn.
2. Samlinger om bibelstoff og misjonsinformasjon.
3. Gaver.
Vi støtter kvinnelige lærermisjonærer i 9 forskjellige land. Disse blir sendt ut av sine respektive organisasjoner. Antall fra hver organisasjon varierer. Pr. 01.01.07 var det
6 fra Det norske misjonsselskap
4 fra Normisjon
3 fra Norsk Luthersk Misjonssamband
1 fra Den Norske Israelsmisjon.
Disse 15 misjonærene er fordelt på: Japan, Bangladesh, Thailand, Brasil, Israel, Madagaskar, Etiopia, Mali og Bolivia. Også landene varierer.
Inntektene våre er personlige gaver og testamentariske gaver. Vi del-lønner misjonærene «våre» og gir støtte til andre viktige prosjekter så langt pengene rekker.
Misjonshilsen, bladet vårt, finansieres med medlemskontigent fra vel 200 medlemmer.
Vi har sommermøte hvert år, og

bruker da de kristne folkehøgskolene som stevnested. På den måten kommer vi rundt i dette vakre landet vårt og blir godt kjent fra nord til sør, for lokalhistorie er alltid en del av programmet. På generalforsamlingen i 2006 på Bjerkly Folkehøgskole ble Anne Synøve Klavenes gjenvalgt som leder i Norge for en ny 3-årsperiode. LMF fins i alle de nordiske landene, og vi har noe samarbeid, blant annet ved å delta på hverandres sommermøter.
Anne Synøve Klavenes.

Avdeling Osterøy:

På Osterøy LMF er vi f.t. 20 medlemmer. Vi deler oss i grupper som saman er møteansvarlege. Møta held vi rundt om i heimane til kvarandre. Nedunder står møteplan for skuleåret 2007/08. Sjå likevel etter i Bygdanytt om der skule koma noko endring.
Vi vil gjerne få med oss fleire. Er dette noko for deg? Du er hjarteleg velkomen!

Møteplan:

tors. 24.01.08: Madli Hannisdal i Hannisdalen
tors. 27.03: Eldbjørg Hølleland i Fjellskålnes.
søn. 1..06: Jubileumsfest, først i Haus kyrkje og etterpå i kyrkjelydshuset.

Så vil vi ønske alle nye og eldre medlemmer vel møtt til samlingane våre!
Tora Vikesund
(form)

Juleminne

av Haldis Reigstad

*Eg høyrer omen frå farne tider,
eg er attende i grenda mi.
Eg ser dei kjære som no er borte
dei kjem imot meg ved juletid.*

*Eg høyrer tresko som går i tunet,
eg høyrer songen om julefred.
Eg tittar inn gjennom "skytjedøra"
der kvite englar skal dala ned.*

*Eg kjenne angen får julebaksten,
eg høyrer kjevlet som går og går.
Og vesle jenta på kjøkkenkrakken
ho både kake og lefse får.*

*Vi plukka nøtter i heimegrenda,
fekk appelsin frå Amerika.
Vi pakka sirleg inn julegaver
som vi der heime kvarandre gav.*

*Det var eit eventyr utan like
når snøen glitra i måneskin,
når heile verda var full av stjerner,
då kribla det i eit barnesinn.*

*Då var det jula som stod for døra,
då låg det spenning i kvar ei krå.
Men sjølve draumen var bestestova
der juletreet vårt skulle stå.*

*Eg kjenner angen frå stall og krubbe,
eg ser ei stjerne som lyser klår.
Ho minner om at den store kongen,
han er den same frå år til år.*

Årets julekonsertar

Fredag 14. desember 2007:

Haus kl. 19.00. Julekonsert. Tilskipar: Haus musikklag i samarbeid med Haus sokneråd.

3. søndag i advent, 16. desember 2007:

Bruvik kl. 17.00. Lysmesse/Julekonsert. Børge Rydland. Konfirmentar og Haus musikklag deltek.

Hamre kl. 19.00. Julekonsert. Tilskipar er Hamre musikklag.

Gjerstad kl. 20.00. Julekonsert. Melve. Tilskipar: Osterøykoret i samarbeid med Gjerstad sokneråd.

Tysdag 18. desember 2007:

Hosanger kl. 19.30. Julekonsert. Tilskipar er Hosanger sokneråd.